

Arbeidsdepartementet
v/ Rune Aslaksen
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref / Sakshandsamar
10/3995-7 F12 &13
Ingrid Buset / tlf.

Dato:

14.10.2010

HØRINGSSVAR - - NOU 2010:5 AKTIV DELTAKELSE, LIKEVERD OG INKLUDERING - ET HELHETLIG HJELPEMIDDELTLBUD

Hovudmålet med hjelpemiddelsystemet er å bidra til aktiv deltaking, likeverd og inkludering for personar med funksjonsnedsetting i arbeid, utdanning og daglegliv. Av dette følgjer at målet er å gi brukarar hjelp til personleg utvikling, aktiv deltaking og livsutfoldelse på lik linje med andre samfunnsborgarar, og å legge til rette for at den enkelte ut frå sine føresetnader får like moglegeheiter til å skaffe seg gode levekår.

Utvalet argumenterer med at kommunene bør få eit meir heilskapleg ansvar for hjelpemiddel på bakgrunn av Samhandlingsreforma, og tilrår ein nasjonal strategi for kompetanse, forskning og innovasjon for hjelpemiddel.

Utvalets forslag til endring bygger på sektoransvarsprinsippet, dvs at ansvaret for hjelpemiddel vert lagt til den myndigheit som har ansvaret for den sektoren der hjelpemiddelet skal brukast. I praksis vil f.eks. kommunene få større ansvar for hjelpemiddel i dagleglivet, og opplæringsmyndigheitene vil få større ansvar for hjelpemiddel innan opplæring, spesialisthelsetenestene for behandlingshjelpemiddel.

Fagforbundet har i sitt prinsipp- og handlingsprogram vedteke å arbeide for betre samhandling i helsesektoren, og for politiske føringar som sørgjer for at det totale helse- og omsorgstilbodet blir koordinert, styrt og integrert nærast moglege innbyggjarane. Fagforbundet meiner at kvalitetsstandardar og god tilgjengelegheit må stå i sentrum, og stiller seg i hovudsak positive til utvalets forslag til endringar gitt at dei fører til ein styrking og forbetring av velferssamfunnets sosiale sikkerhetsnett. Det må bli enklare for dei aktuelle innbyggjarane å forholde seg til hjelpemiddelordninga, og ordningane må førebygge gråsoner og ansvarsfråskriving. Ved overføring av finansieringsansvar og midlar legg vi til grunn at ein tek utgangspunkt i samla offentlege utgifter, ikkje folketrygdas utgifter isolert, jamfør utvalet.

Eit heilskapleg kommunalt ansvar vil innebære at kommunene også har finansieringsansvaret. Utvalet anbefaler at hjelpemiddel som blir eit kommunalt ansvar blir lagt inn under kommunens rammefinansiering. Det er anbefalt at kommunenes ansvar er avgrensa til enklare hjelpemiddel, såkalla basishjelpemiddel. Det kan ikkje forventast at kommunene skal ha kompetanse til å handtere kompliserte tilfeller som er sjeldne og krev

spesialkompetanse. Fagforbundet vil påpeike at dette vil bli eit særleg problem i mindre kommuner, og stille spørsmål ved om dette bør organiserast likt i alle kommuner, eller om ein bør tenke alternative løysingar ut frå kommunenes forskjellige størrelser og føresetnader, for å sikre at ein oppnår målet med endringa, altså brukarretting.

Auka kommunalt ansvar vil ifølgje utvalet avlaste hjelpemiddelsentralane og målet er at hjelpemiddelsentralane då kan utgjere eit meir reindyrka og fleksibel andrelinjeteneste, som kan ta seg av meir komplekse tilfeller og gi betre bistand til NAV-kontora i forbindelse med tilrettelegging for arbeid. Utvalet undertrekar at staten fortsatt må ha eit klart og syneleg ansvar for å sikre hjelpemiddel og nødvendig tilrettelegging for personar med funksjonsnedsettingar som står i fare for å falle utanfor arbeidslivet eller er arbeidssøkarar.

Fagforbundet vil i hovudsak støtte forslaget, med har nokre innvendingar. Vi vil kommentere delar av høyringa spesielt:

1.4.1 Utvalets forslag om lovendringar og å setje ned eit lovutval

Utvalet meiner at plassering av eit særskilt ansvar for stønader til hjelpemiddel i folketrygdlova, slik det er utforma og praktisert no, skaper ulikskap og gråsoner. Utvalet meiner at eit sterkare og tydelegare sektoransvar vil kunne bidra til meir heilskaplege løysingar og meir rasjonell utnytting av ressursane. Utvalet tilrår at det blir nedsatt eit lovutval som utreder framtidig lovgiving.

Fagforbundet støttar forslaget om at det blir nedsatt eit lovutval. Framtidig lovgiving må gje rettskrav på ytingar uavhengig av sektor og rettighetsregulering må gi stort rom for faglege vurderingar, men høve til utøving av fagleg skjønns kan ikkje vere så omfattande at det kan gå ut over brukars rettigheter. Det må etablerast eit effektivt og godt klage- og ankesystem med full overprøving av vedtak som påklagast.

Videre vil Fagforbundet ha synspunkter for premissene for ny lovgiving, men vil ta dette i når synspunkta blir utdjupa.

1.4.2 Tiltråding om auka bruk av tilskot til hjelpemiddel

Utvalet føreslår auka bruk av tilskot, då dei meiner at dette vil gi brukarane større valfridom og åpne for fleksible løysingar. Utvalet legg til grunn at brukarar som ønsker det, framleis skal kunne låne hjelpemiddel.

Fagforbundet vil avvise tilråding om auka bruk av tilskot, då bruk av tilskot kan gi ein negativ fordeligseffekt ved at det er avhengig av at den enkelte har økonomi og kapasitet til å gjere utlegg. I tillegg kan det føre til auka byråkrati i forhold til dokumentasjon, godkjenning og tilbakebetaling. Fagforbundet tilrår i staden at ein søgjar for eit betre og meir fleksibelt innkjøpssystem i kommunene. Målet må vere ein meir heilskapleg ordning i forhold til avgjerla om kven som skal få hjelpemiddel.

Vi stiller oss bak utvalets kritikk av den markedsretta modellen. Ein slik modell vil vere til hinder for likeverdige tenester uavhengig av inntekt, bustad og funksjonsevne. Fagforbundet vil avvise all bruk av markedsretta verkemiddel på dette området.

1.4.3 Forslag om å opprette eit rådgivande ekspertorgan

Fagforbundet støttar utvalets tilråding om å opprette eit rådgivande ekspertorgan som kan følgje utviklinga på området med sikte på bistand i forhold til vurdering av når eit hjelpemiddel skal reknast som basishjelpemiddel eller ikkje. Eit slikt utval vil vere særleg relevant for å gjere raske avklaringar og å unngå gråsoner når det kjem til dei to kategoriane av hjelpemiddel, i forhold til om det er basishjelpemiddel under kommunens ansvar, eller underlagt spesialisthelsetenesten. I tillegg kan ein anta at behovet for eit slikt organ vil vekse i tråd med rask teknologisk utvikling.

Fagforbundet legg til grunn at brukarorganisasjonane er representert i ekspertorganet.

1.4.4 Forslag om auka kommunalt ansvar for basishjelpemiddel i dagleglivet

Utvalet legg til grunn at eit sterkare sektoransvar vil kunne bidra til meir heilskaplege løysingar og meir rasjonell utnytting av dagens ressursar på hjelpemiddelområdet og tilrår at i tillegg til utstyr innan rehabilitering og habilitering i dagleglivet, så overførast ansvaret for basishjelpemiddel (inkl. pleie- og omsorgshjelpemiddel) til kommunene. Målet er å i størst mogeleg grad redusere skiljet mellom hjelpemiddel til midlertidige og varige behov, samt skiljet mellom basishjelpemiddel til brukarar i institusjon og heimeboande og i omsorgsboligar. Dette vil vere avhengig av at den enkelte kommunen organiserer dette på ein fornuftig og formålstjendeleg måte, og det er ikkje gitt at dette er likt i alle kommuner. Større kommuner vil vere betre egna til å ta ein større del av ansvaret enn mindre kommuner. Fagforbundet meiner at ein det er finne ordningar som er tilpassa størrelsen til kommunene.

Fagforbundet støttar forslagt gitt at ein aukar den økonomiske rammene med utgangspunkt i samla offentleg kostnadar, ikkje folketrygdas utgifter isolert. Dette fordi endringa vil få konsekvensar for finansiering, anskaffelsar, lager, logistikk og ansvar for gjenbruk i kommunene, og ein må sikre at kommunene har tilstrekkeleg midlar. Vellukka overføring av ansvarsområdet forutset god koordinering med NAV-kontoras ansvarsområde. Fagforbundet legg (i tråd med utvalet) til grunn at meir komplekse og samansatte behov framleis skal vere eit statleg ansvar.

1.4.5 Forslag som gjelder aktivitetshjelpemiddel og utstyr til trening, stimulering og leik

Utvalet føreslår at aktivitetshjelpemiddel skal fortsetje å vere eit statleg ansvar, men at utstyr til trening, stimulering og leik skal overførast til kommunene som ein del av ansvaret for førebyggjande helsearbeid, habilitering og rehabilitering. God helse og aktivitet er ein viktig føresetnad for at personar med funksjonsnedsetting skal kunne utnytte arbeidsevnen og ha god livskvalitet. Inaktivitet aukar faren for livsstilssjukdomar og dårleg helse.

Fagforbundet ser dette arbeidet i samanheng med samhandlingsreformas fokus på førebygging i kommunene. Fagforbundet støttar derfor utvalets forslag om overføre ansvaret for aktivitetshjelpemiddel og utstyr til trening, stimulering og leik til kommunene og å oppheve aldersgransa på 26 år.

1.4.6 Forslag til opprydding på området tilskot til opplæringstiltak

Etter folketrygdlova blir det gitt tilskot til opplæringstiltak i dagleglivet. Ansvar for ulike typar opplæringstiltak i dagleglivet følgjer også av sosialtenestelova, kommunehelsetenestelova og spesialisthelsetenestelova, og etter folketrygdlova fell rett til ytelse bort når dei høyrer inn under ansvarsområdet i anna lovgiving. Det er altså overlappande ansvarsområder.

Fagforbundet synes det er sentralt at ein unngår gråsoner og flaskehalsar og støttar utvalets anbefaling om å rydde opp på dette området og tydeleggjer at kommunen og spesialisthelsetenesten har eit helskapeleg ansvar for opplæring, habilitering og rehabilitering av alle typar funksjonsnedsetting. Ei slik opprydding må sjåast i samanheng med ny helse- og sosiallov.

1.4.7 Forslag om økt ansvar for hjelpemidler, tilrettelegging og opplæring i barnehage- og opplæringsloven

Fagforbundet støttar utvalets forslag om eit sterkare sektoransvar for opplæringshjelpemiddel, gitt at dette blir tydeleggjort i barnehage- og opplæringslova. Fagforbundet legg til grunn at rettighetene er sikra i lovverket ved overføring av ansvaret.

1.4.9 Forslag i tilknytning til tilrettelegging av bolig

Utvalets føreslår å styrke retten til bistand frå kommunen. Fagforbundet støttar forslaget, men oppmodar også om styrking av Husbanken på dette området.

1.4.11 Forslag om samling av virkemidler i en ny arbeidsmarkedslov

Eit likestilt samfunn og arbeidsliv er basert på at alle skal få arbeide, og tiltak for at personar med funksjonsnedsettingar får arbeid eller får behalde arbeidet er sentralt. Fagforbundet støttar utvalets forslag under føresetnad av at retten til arbeidshjelpemiddel ikkje blir svekka i forhold til innholdet i rettighetene slik dei er utforma i dagens regelverk.

Fagforbundet vil avvise eventuelle endringar i arbeidsmiljølova.

1.4.12 Sterkere og mer tilgjengelige kompetansemiljøer – arbeidsliv

Det er sentralt at hjelpemiddelsentralens kompetanse vert nytta for å få fleire med funksjonsnedsettingar i arbeid, og hjelpemiddelsentralens kompetanse må derfor utnyttast så godt som råd.

Fagforbundet støttar utvalets forslag om å fremje hjelpemiddelsentralens rolle som ressurs- og kompetansemiljø overfor arbeidslivet. Slik Fagforbundet les høyringa vil dette også vere i tråd med tanken om at hjelpemiddelsentralen skal fungere som ein andrelinjeteneste som tek seg av dei meir komplekse spørsmåla og tilfella. Fagforbundet er også einige i at kompetansefremjande tiltak og auka satsing på kunnskaps- og metodeutvikling knytt til arbeidslivet er viktig, og at dette må bli ei sentral oppgåve for det nasjonale kompetansemiljøet.

1.4.13 Forslag om tilretteleggingstilskudd til alle arbeidsgivere

Det er behov for gode økonomiske støtteordningar til arbeidsgivere ved ansettelser av personer med funksjonsnedsettelse. Generelt er tilskot til verksemdar eit verkemiddel for å nå måla i IA-avtalen. Eit av suksesskriteria i IA-avtalen er nettopp at verksemdene gjer ein avtal forpliktar dei og at dei får tilgang på verkemiddel. Dette er også med på å hindre at funksjonsnedsette blir brukt som billig arbeidskraft.

Fagforbundet forstår behovet og interessa for å utvide ordninga, men vil avvise forslaget fordi det er eit mål at det skal bli fleire IA-bedrifter og dette vil virke langt meir forpliktande med omsyn til målet om faste varige tilsetjingsforhold og for å sikre kvalitet og oppfølging.

1.4.14 Forslag om hjelpemidler og VTA (varig tilrettelagt arbeid)

Etter folketrygdlova blir det ikkje ytt stønad til arbeidshjelpemiddel til ein person som mottok uførepensjon med mindre det er truleg at stønaden vil føre til at slike ytelsar fell bort eller blir redusert. Utvalget påpeikar at deltaking i VTA i ein del tilfeller kan bidra til overgang til ordinære arbeidsforhold og ser derfor nytta av at hjelpemiddel blir vurdert som ein del av det heilskaplege tilbodet som skjerna verksemdar skal tilby brukerne.

Fagforbundet er einige i dette innspelet og synes at hjelpemiddel må bli vurdert som ein del av det heilskaplege tilbodet som skjerna bedrifter skal tilby brukarar. Utvalget vil overlate spørsmålet til det offentlige utvalet som skal vurdere arbeidsmarkedstiltakene overfor personer med nedsatt arbeidsevne. Tiltaksarrangørene mottar offentlig støtte og stønad til hjelpemidler bør vurderes i en helhetlig sammenheng.

1.4.15 Forslag i tilknytning til forsøksordningen med funksjonsassistent

En oppfølging av prøveordningen med funksjonsassistent i arbeidslivet med sikte på å utvide og lovfeste en slik ordning sammen med andre arbeidshjelpemidler i en ny arbeidsmarkedslov må prioriteres høyt.

Fagforbundet vil støtte lovfesting av ordninga, men understrekar at dette er ei oppgåve som det offentlege må drive i eigen regi, eventuelt at ein bruker ein person som er ansatt på arbeidsplassen til å bistå.

1.4.16 Forslag i tilknytning til forsøksordningen med arbeids- og utdanningsreiser

Etter utvalgets vurdering er det også behov for at denne forsøksordningen blir fulgt opp og at det blir vurdert om den bør gjerast permanent (lovfestast).

Fagforbundet støttar forslaget, men understrekar at dette er ei oppgåve som det offentlege må drive i eigen regi, eventuelt at ein bruker ein person som er ansatt på arbeidsplassen til å bistå.

1.4.17 Behov for et kompetanseløft, satsing på forskning og innovasjon

Utvalget tilrår at det blir utarbeida ein nasjonal strategi for kompetanse, forskning og innovasjon for hjelpemiddel.

Fagforbundet støttar tilrådinga.

10.3.Eigenandelar på hjelpemiddel eller fortsatt fullfinansiering

Fagforbundets støttar utvalets samla anbefaling om å ikkje innføre eigenandel på hjelpemiddelområdet blir fulgt. Eigenandel ville ikkje vere i tråd med prinsippet om prinsippet om likestilling, inkludering og deltaking.

Fagforbundet er kjent med depositumsordninga på hjelpemiddelordninga og ser det som ein mangel ved høyringa at dette ikkje er drøfta. Fagforbundet understrekar at depositumet ikkje må vere av ein slik størrelse at det kan vere til hinder for rettane til den enkelte.

Med helsing
FAGFORBUNDET
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås
leiar

Ingrid Buset
rådgivar